

Vedtekter for næringsfondet i Norddal kommune

Vedteke i kommunestyret 28.02.2008. K-sak 017/08
Endringar i kommunestyret 31.05.2012. K-sak 038/12
Endringar i kommunestyret 16.02.2017. K-sak 011/17

1. HEIMEL

Med heimel i konsesjonar som er gitt Taffjord Kraftselskap, seinast ved Kgl. resl. av 24.06.77, og konsesjon gitt til dåverande Grytten Komm. elverk, vert avgift som fell på Norddal kommune etter desse konsesjonane samla i eit næringsfond for kommunen med verknad frå og med 1979. Nye vedtekter er basert på vedtekter i K.sak 54/98 med presiseringar i K.sak 15/04. Det er ikkje innbetalt til nokon fondskapital i Norddal kommune. Alle midlane i fondet (årleg konsesjonsavgift, renter og avdrag) er avkastning. Jamfør standardvedtektene § 1.1 pkt. a og b. Årleg konsesjonsavgift er for tida (2016) kr 3 030.595,-.

2. FØREMÅL

Næringsfondet skal i første rekkje nyttast til næringsføremål (bedriftsutvikling, etableringstilskot, investeringar i bedrifter) og til kommunale nærings tiltak (kommunalt tiltaksarbeid og grunnlagsinvesteringar knytte til næringsføremål).

Midlar frå næringsfondet kan ikkje nyttast til sanering av gjeld eller til ordinær drift av bedrifter eller kommunen. Strategisk næringsplan bør vere retningsgjevande for finansiering som blir gitt frå fondet.

3. FINANSIERINGSFORMER

Finansiering frå næringsfondet skal berre gjevast i form av tilskot. Midlar frå fondet skal ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter.

4. VILKÅR

Samla finansiering frå næringsfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje vere meir enn 50 % av samla kapitalbehov for prosjektet. For prosjekt som har særleg verdi i høve til strategisk næringsplan, kan næringsfondet vere med på inntil 75% av finansieringa. Fondstyret kan krevje høvesvis tilbakebetaling av tilskot dersom verksemdar som får tildelt tilskot flyttar frå kommunen innan tre år etter at beløpet (sluttutbetaling) er betalt.

5. INTERNASJONALT REGELVERK

Bruken av næringsfondet må vere i samsvar med internasjonalt regelverk som Norge har slutta seg til på statsstøtteområdet. EØS- avtalen sin artikkel 61 forbyr som hovudregel offentleg støtte til næringslivet. Det er gitt ei rekke unntak frå dette, for eksempel bagatellmessig støtte.

Dersom kommunen sjølv bruker midlane til kommunalt tiltaksarbeid, må ein ta omsyn til Lov om offentlege anskaffelser.

6. FORVALTNING

Næringsfondet skal ha eit styre på 5 medlemmar. 1 av styremedlemane skal veljast frå næringslivet, i tillegg til 4 politikarar. Det skal vere eigen varamedlem for næringslivsrepresentanten. Varamedlemmar for dei 4 politikarane vert vald som for øvrige politiske utval. Valperioden følgjer kommunestyreperioden, og val av næringsfondstyre vert gjort av kommunestyret.

Avgjerdsmynde kan delegerast frå fondstyret til rådmannen for saker med tilskotsbeløp på inntil kr 20.000,-, likevel ikkje over kr 60.000,- pr. år. To eller fleire medlemmar i fondsstyret kan krevje at avgjerder i fondstyret vert lagt fram for kommunestyret for endeleg handsaming. Mindretalsanke må fremjast i det møtet der vedtaket vert gjort.

Midlane i næringsfondet skal plasserast på renteberande konto, slik at midlane er disponible til einkvar tid. Renter vert ført attende til fondet. Budsjett og rekneskap (medrekna balanserekneskapen) skal vere ein del av kommunen sin rekneskap i samsvar med gjeldande forskrifter.

Klage: Avslag på søknad om støtte kan den som er part i saka, klage på, jfr.fvl. § 28. Klageorgan er kommunestyret.

7. ÅRSMELDING

Det skal leggjast fram årsmelding for bruken av næringsfondet for kommunestyret kvart år.

8. GODKJENNING AV VEDTEKTENE

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret. Møre og Romsdal fylke v/Regional- og næringsavdelinga skal ha gjenpart av godkjente vedtekter.